

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	23.11.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 36/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 37/22	Orienteringar
OS 08/22	Orientering frå Ålesund Brannvesen KF
OS 09/22	Orientering om varslingssaker, rettssaker/tvistar og mislegsaker
PS 38/22	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2021 - sjølvkost innan teknisk sektor Ålesund kommune
PS 39/22	Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022
PS 40/22	Forvaltningsrevisjon 2023 - Ålesund kommune
PS 41/22	Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Ålesund kommune
PS 42/22	Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Haram kommune
PS 43/22	Val av revisjonsordning og val av revisor for Ålesund kommune frå 01.01.2024
PS 44/22	Val av revisjonsordning og val av revisor for Haram kommune frå 01.01.2024
PS 45/22	Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval
PS 46/22	Meldingar
MS 21/22	Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023

Ålesund, 16.11.2022

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 36/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 19.10.2022

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	19.10.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Forfall

Jannicke Strømmen
Knut Helge Vestre

Møtande varamedlem

Trond Berg
Charlotte Wennersberg (møtte ikkje)

Møtenotat

For kommunedirektøren møtte ass. kommunedirektør Anne Mette Liavaag og verksemdleiar Helge Veum.

Oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen møtte frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltek rådgivar Solveig Kvamme.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 30/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 31/22	Orienteringar
OS 05/22	Orientering etter Arkivverket sitt tilsyn 2022 Ålesund kommune
OS 06/22	Orientering etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt Ålesund kommune
OS 07/22	Orientering om kommunedirektøren si organisasjonsendring medio oktober 2022
PS 32/22	Nummerert brev 05 frå revisor om misleghald - Ålesund kommune
PS 33/22	Revisjons- og kommunikasjonsplan 2022
PS 34/22	Folkevalde sine arbeidsvilkår og frikjøpsordning - Ålesund kommune
PS 35/22	Meldingar
MS 16/22	Melding om tilsynsrapport med kommunalt beredskap Ålesund 2022
MS 17/22	Melding om forskrift med merknader om gjennomføring av deling Ålesund kommune
MS 18/22	Kommunestyret sitt vedtak knytt til eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune
MS 19/22	Melding om vedtak i Ålesund kommunestyre knytt til forvaltningsrevisjon kvalitet i heimetenesta 2022
MS 20/22	Oversikt per 18.10.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

PS 30/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 30/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 31/22 Orienteringar

OS 05/22 Orientering etter Arkivverket sitt tilsyn 2022 Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Verksemdleiar teknologi og innovasjon Helge Veum gav ei god orientering.

ÅKU - 05/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 06/22 Orientering etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Verksemdleiar teknologi og innovasjon Helge Veum gav ei god orientering både om tilsynet og om beredskapen generelt.

ÅKU - 06/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 07/22 Orientering om kommunedirektøren si organisasjonsendring medio oktober 2022

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Ass. kommunedirektør Anne Mette Liavaag gav utvalet ei god orientering.

ÅKU - 07/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 32/22 Nummerert brev 05 frå revisor om misleghald - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande og ber om å få ei statusoppdatering frå revisor på neste møte.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen orienterte om dialogen med administrasjonen og ass. kommunedirektør Anne Mette Liavaag svarte ut dei spørsmål kontrollutvalet hadde.

ÅKU - 32/22 vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande og ber om å få ei statusoppdatering frå revisor på neste møte.

PS 33/22 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2022

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 33/22 vedtak

Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

PS 34/22 Folkevalde sine arbeidsvilkår og frikjøpsordning - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet finn at reglementet for folkevalde sine arbeidsvilkår er noko mangelfull knytt til frikjøpsordninga for folkevalde.

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret i sitt arbeid med framtidig politisk organisering for dei to nye kommunane, å sjå nærare på dei punkta som kontrollutvalet her har peika på.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Forslag om å stryke første setning i tilrådinga, foreslått av Bente Bruun,

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret i sitt arbeid med framtidig politisk organisering for dei to nye kommunane, å sjå nærare på dei punkta som kontrollutvalet her har peika på.

Dette forslaget vart samrøystes vedtatt.

ÅKU - 34/22 vedtak

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret i sitt arbeid med framtidig politisk organisering for dei to nye kommunane, å sjå nærare på dei punkta som kontrollutvalet her har peika på.

PS 35/22 Meldingar

MS 16/22 Melding om tilsynsrapport med kommunalt beredskap Ålesund 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 16/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 17/22 Melding om forskrift med merknader om gjennomføring av deling Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 17/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 18/22 Kommunestyret sitt vedtak knytt til eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaket frå kommunestyret til etterretning og vil følge opp i tråd med dette.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 18/22 vedtak

Kontrollutvalet tek vedtaket frå kommunestyret til etterretning og vil følgje opp i tråd med dette.

MS 19/22 Melding om vedtak i Ålesund kommunestyre knytt til forvaltningsrevisjon kvalitet i heimetenesta 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til etterretning og vil følgje opp i tråd med vedtaket.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

ÅKU - 19/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til etterretning og vil følgje opp i tråd med vedtaket.

MS 20/22 Oversikt per 18.10.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 19.10.2022

Behandling

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet til neste møte i dialog med forvaltningsrevisor, hentar fram aktuelle problemstillingar som andre har nytta, med tanke på ein forvaltningsrevisjon innan tematikken barn og unges psykiske helse.

ÅKU - 20/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 37/22	Ålesund kontrollutval	23.11.2022

Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

08/22	Orientering frå Ålesund Brannvesen KF
09/22	Orientering om varslingsaker, rettssaker/tvistar og mislegsaker

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 08/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Orientering frå Ålesund Brannvesen KF

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i kontrollutvalet sitt ynskje er konstituert brannsjef Sindre Egeness invitert til kontrollutvalet sitt møte 23.november.

Det kontrollutvalet har bedt om, er ei kort orientering om Ålesund Brannvesen KF generelt og spesifikt om arbeidet med harmonisering av lønsvilkåra for det frivillige brannkorpset

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 09/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Orientering om varslingsaker, rettssaker/tvistar og mislegsaker

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande

Bakgrunn:

Som eit ledd i å halde seg oppdatert og ha tilstrekkelig kunnskap om omfang og type varslingsaker, rettsaker/tvistar og misleghaldsaker som kommunen er/har vore involvert i gjennom 2021 og fram til 01.10.2022, har sekretariatet bed kommunedirektøren om ei orientering om omfang og typer saker.

Hensikta med kontrollen er å sikre kontrollutvalet kunnskap slik at kontrollutvalet kan ivareta sitt mandat med å føre kontroll på vegne av kommunestyret.

Vurdering:

Har kommunen eit tilfredsstillande system for oppfølging av slike saker? Kontrollutvalet treng slik kunnskap denne orienteringa kan gje, for å vurdere om der er indikasjon på systemsvikt eller svakheiter i rutiner og/eller internkontroll som bør følgjast opp med ei kontrollhandling.

Kommunedirektøren er bedt om å gje ei orientering om:

Varslingsaker:

Omfanget av varslingar som varslingsinstituttet har mottatt og behandla, og kva type varslingar det har vore.

Kva varslingsrutiner har kommunen for mottak av interne og eksterne varsel?

Har kommunen skriftlege rutiner for handtering av varsel på øvste administrative eller politiske leiing?

Rettsaker/-tvister:

Omfang og type

Det kan vere saker i KOFA, Diskrimineringsnemnda, Domstolane eller andre tvistar.

Misleghaldsaker:

Omfang og type.

Korleis handterer kommunen mislegheit og andre straffbare forhold?

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 38/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2021 - sjølvkost innan teknisk sektor Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Etter å ha fått orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport 2021 - sjølvkost innan teknisk sektor, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.

Bakgrunn:

I oktober 2021 fekk kontrollutvalet ein rapport frå forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor Ålesund kommune.

Problemstillingane kontrollutvalet ynskte svar på med rapporten var:

1. Har Ålesund kommune rutiner som sikrar god handtering av sjølvkostområdet?
2. Er sjølvkostgebyra i samsvar med regelverket?
3. Blir over/underskot og fond innanfor sjølvkost handtert i samsvar med regelverket?

Kontrollutvalet sendte si tilråding over til kommunestyret som gjorde vedtak i desember 2021 i kommunestyresak 245/21. Vedtaket ligg vedlagt saka her.

Kontrollutvalet fekk kommunestyret sitt vedtak til orientering, og vedtok i PS 09/22 å be om ei oppfølging frå kommunedirektøren i eit seinare møte.

Vurdering:

Det er kontrollutvalet som skal sjå til at dei vedtak kommunestyret gjer knytt til ein forvaltningsrevisjonsrapport vert fulgt opp. Difor er det nyttig å be om ei orientering frå kommunedirektøren no der ein får ein status på dette.

Det som vart peika på knytt til dei ulike problemstillingane i rapporten var følgjande:
Problemstilling 1 og rutiner: Betre oppfølging gjennom internkontroll innan sjølvkostområdet, og større grad av konkretisering av den enkelte fase i årshjulet.

Problemstilling 2 og sjølvkostgebyret: Dette gjeld sjølvkost innan vatn, avløp og renovasjon samt plan og byggesak. Ein uheldig praksis knytt til dei indirekte kostnadane og at der er manglande dokumentasjon knytt til kryssubsidiering innan avløp og renovasjon.

Problemstilling 3 og sjølvkostfondet: Revisor viser til at det skal gjerast pliktig avsetning til etterdriftsfond.

For at innbyggjarar og folkevalde lettare skal forstå bakgrunnen for sjølvkostgebyra, bør kommunen finne ein måte å rapporterer utrekninga på som er lett for "lekfolk" å forstå.

Kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren peikar på, vil i møtet gje ei orientering om status og om mogeleg svare på oppfølgjande spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedlegg

Melding om kommunestyret sitt vedtak - Rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost



ÅLESUND KOMMUNE

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Saksbehandlar:
Elin Moen
Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:
20/20842-6 22/18340

Dato:
22.02.2022

Rapport frå forvaltningsrevisjon teknisk sektor - sak frå kontrollutvalet. Melding om vedtak. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre- 245/21, har i møte 09.12.2021 fatta følgande vedtak:

Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren merke seg dei utfordringar som har vore knytt til kryssubsidiering og ta det med i det vidare arbeid med etablering av eit nytt renovasjonsselskap.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren sikre at pliktig avsetning til etterdriftsfond vert handtert i tråd med revisor si tilråding.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakarar
Sunnmøre
kontrollutvalssekretariat

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 39/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022 Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor skal utføre ein forenkla kontroll etter kommunelova, med enkle kontrollhandlingar. Målet er at innanfor ei avgrensa ressursramme kan ein førebygge svakheit og medverke til å sikre at kommunen følgjer sentrale avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis

Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det gjeld brot på lover, forskrift eller vedtak, der brotet er av vesentleg tyding for økonomiforvaltninga.

Med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering skal revisor identifisere område i økonomiforvaltninga der det er størst behov for at avgjerder og vedtak blir fulgt opp og der brot på avgjerder/vedtak får størst konsekvensar.

Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg utsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Kontrollutvalet vil når uttalen frå revisor ligg føre, måtte vurdere desse funna og gjere ei vurdering i samråd med revisor på om funna er av ein slik karakter at dei då bør kommuniserast vidare til kommunestyret.

Vurdering:

Etterlevingskontrollen for rekneskapsåret 2020 hadde fokus på kontroll av om reglane knytte til vederlag for opphald i institusjon - langtidsopphald vart fulgt.

For rekneskapsåret 2021 var det godtgjersle knytt til fosterheimar som var det området revisor tok slike kontrollhandlingar på. Og ein hadde ein forvaltningsrevisjon knytt til sjølvkostområdet innan teknisk sektor.

Der det var gjort funn/avvik så vart dette fulgt opp av kommunedirektør/ administrasjonen. Og endring av praksis vart sett i verk for å førebygge at det ikkje skjer igjen. Revisor gjer ein avsjekk på dette.

For rekneskapsåret 2022 vil revisor i kontrollutvalet sitt møte 23. november gå gjennom den risiko- og vesentlegvurderinga som ligg til grunn for revisor sitt val av område for forenkla etterlevingskontroll.

For 2022 så vel revisor å ta ein forenkla etterlevingskontroll med tilskot til private barnehagar. Kontrollutvalet kan gjerne gje sine innspel knytt til risiko- og vesentlegvurderinga, og slik påverke kva område revisor vel.

Med bakgrunn i dette så har revisor valgt å ta ein forenkla etterlevingskontroll knytt til tilskot til private barnehagar.

Revisor gjev sin uttale knytt til desse kontrollhandlingane med moderat sikkerheit. Dette kjem til uttrykk ved at revisor konkluderer med om det er avdekt forhold som gjev grunn til å tru at kommunen ikkje (i alt vesentleg) har etterlevd dei føresegnene som revisor har undersøkt etterlevina av.

Kontrollutvalet kan om dei ynskjer det, ut over dette bestille etterlevingskontroll der revisor gjev konklusjon med høg eller tryggande risiko.

Vedlegg

Forenklet etterlevingskontroll 2022 - Ålesund kommune



Forenklet etterlevelsesk kontroll 2022

Kontrollutvalget Ålesund kommune


23. NOVEMBER 2022

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Forenklet etterlevelseskontroll

2

- ▶ Hjemmel i KommuneLOVEN
- ▶ Standard RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.
- ▶ Risiko- og vesentlighet
- ▶ Rapport om resultatet av kontrollen, innen 30. juni



Risiko og vesentlighetsvurdering

3


Noen utførte kontroller tidligere år:

- ▶ 2018 – Alle de fem tidl. Kommunene - Rutinar for førebygging av misleg framferd - pasientmidlar og byggjesaksbehandling
- ▶ 2018 – Ålesund – Rutiner offentlige innkjøp
- ▶ 2019 – Skodje – Etterberekning vederlag for opphald i instistusjon
- ▶ 2019 – Ålesund - Skiljet mellom drift og investering i investeringsrekneskapen i Ålesund Kommunale Eigedom KF
- ▶ 2020 - Oppholdsbetaling sykehjem - etterlevelseskontroll
- ▶ 2021 – Selvkost – forvaltningsrevisjon
- ▶ 2021 – Fosterhjemsgodtgjørelse - etterlevelseskontroll

Lovforarbeidene nevner noen eksempler på relevante områder

- ▶ Offentlige innkjøp
- ▶ Offentlig støtte
- ▶ Selvkost
- ▶ Finansforvaltning
- ▶ Tilskudd til private barnehager
- ▶ Kontraktsoppfølging
- ▶ Tilskuddsforvaltning
- ▶ Andre tilskudd eller overføringer til private

Risiko- og vesentlighetsvurdering forts.



Tilskudd til private barnehager

Etter en samlet risikovurdering synes tilskudd til private barnehager å være mest aktuell for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen for 2022.

Uttalelsen avgis med moderat sikkerhet. Dette innebærer at revisor i større grad vektlegger forespørsler som undersøkelsesmetode, samt at man velger ut færre elementer for kontroll / utfører færre handlinger enn ved ordinær revisjon.

Kriterium

Våre kontrollpunkt:

- ▶ Beregning er i samsvar med forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
- ▶ Vedtak om tilskudds-sats er fattet innen fristen i tilskudds året , jf. §9 i forskriften.

Kilde:

- ▶ Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager,
- ▶ KS/PBL «veileder for beregning av tilskudd til private barnehagen»
- ▶ Rundskriv fra UDIR
- ▶ Kommunens egne rutiner og retningslinjer på området

Oppsummering

Basert på risiko- og vesentlighetsvurdering for kommunen, velges tilskudd til private barnehager for årets forenklede etterlevelseskontroll med økonomiforvaltning.

En skriftlig uttalelse til kontrollutvalget om resultat av kontrollen, med kopi til kommunedirektøren, vil bli utarbeidet innen 30. juni 2023.

“ Vi skal bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 40/22	Ålesund kontrollutval	23.11.2022

Forvaltningsrevisjon 2023 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2023 innan (kontrollutvalet vel eit av desse)

- a) ressursbruk i grunnskuleopplæringa,
- b) rutiner for offentlege innkjøp
- c) barn og unge si psykiske helse.

Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstilling i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, samt overslag på forventa bruk av ressursar og ha med ein framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at skissa til prosjektplan vert lagt fram på møtet i januar 2023.

Bakgrunn:

Ålesund kommunestyre har i sak 202/20 den 10.11.2020 vedtatt kontrollutvalet sitt forslag til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgande prioriterte fokusområde:

1. Sjølvkost innan teknisk sektor
2. Kvalitet innan pleie/omsorg
3. Ressursbruk i grunnskuleopplæringa
4. Rutinar for offentlig innkjøp

Kontrollutvalet fekk mynde til å gjere endringar av planen i perioden. Det er allereie gjennomført og rapportert på nr. 1 og nr. 2 på lista.

Plan for forvaltningsrevisjon vart laga etter at kontrollutvalet hadde fått lagt fram ei vurdering av risiko og vesentlegheit (ROV).

Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Så må ein vurdere dei ulike områda opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- få fram styringsinformasjon til dei som skal ta avgjersler i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll



Vurdering:

Kontrollutvalet må drøfte kva tema eller område ein ynskjer forvaltningsrevisjon på i 2023. I Ålesund kontrollutval si foreslåtte budsjetttramme for 2023 er det sett av ressursar til ein forvaltningsrevisjon. Noverande kontrollutval bør rekke å handsame ein forvaltningsrevisjonsrapport og sende den over til kommunestyret i inneverande valperiode hausten 2023.

Om kontrollutvalet skal følge vedteken plan for forvaltningsrevisjon så er det ressursbruk innan grunnskuleopplæringa som står for tur. Kontrollutvalet bør drøfte om prioriteringa i planen fortsatt er aktuell eller om risikobiletet har endra seg slik at ein ynskjer å prioritere annleis.

Kontrollutvalet sa på møtet i september at det kan vere aktuelt å vurdere ein forvaltningsrevisjon innan området psykisk helse for barn og unge. Sekretariatet fekk i oppgåve å sjå litt nærare på det temaet og presentre det kort på møtet, slik at utvalet kan gjere ei vurdering av dette området opp mot prioritert plan.

Rapporten frå denne forvaltningsrevisjonen som vert gjennomført i 2023, vil kome til behandling tett oppi delinga av kommunen til to nye kommunar. Difor vert det ei viktig

vurdering å ha fokus på eit område som kan ha verdi både for noverande og framtidige kommunestyre.

Ressursbruk i grunnskuleopplæringa:

Det ROV-analyse frå 2020 legg vekk på er at det i 2019 var eit stort budsjettmessig overforbruk på skuleområdet. Det vert mellom anna peika på at PPT har for lite bemanning, og at ein ser at omfanget av spesialundervisning er høgt.

Kontrollutvalet er kjent med at det etter den tid har vore sett i verk eit omfattande omstillingsarbeid innan oppvekstområdet. Denne pågåande omstillinga har som mål å gje større effektiv bruk av både økonomiske og personellmessige ressursar. I følgje årsmelding for 2021 er dette venta å gje effekt tidlegast i 2022.

Rutiner for offentleg innkjøp

Om vi går til ROV-analyse så finn vi at dette er omtala som eit område med eit komplisert regelverk. Det er ein stor organisasjon som forvaltar store offentlege ressursar. Offentlege innkjøp er eit strategisk viktig verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlege innkjøparar skal mellom anna stille krav til arbeidsvilkåra til dei som kommunen kjøper tenester frå.

I kommunedirektøren sin årsrapport står det mellom anna om konserninnskjøp:

Konserninnskjøp har i 2021 gjennomført omlag 190 anskaffingsprosessar (inkludert rådgjeving i ein del mindre anskaffingar utført av verksemdene sjølve) og følgjer opp over fem hundre avtalar. Verksemda har eit aukande fokus på kontraktsoppfølging og har i 2021 avdekt større avvik på fleire kontrakter.

Barn og unge si psykiske helse

Med bakgrunn i at kontrollutvalet sjølve ynskte å ta med dette området i vurderinga, så vert det sett opp her.

I ROV-analyse er ikkje dette ei eige område, men ein finn omtale av psykisk helse innan oppvekstområdet, innan helse området og som eit eige punkt knytt til området psykisk helse og rus (men der er for det meste tiltak for dei over 18 år).

Då ROV-analyse vart gjort var det i organisasjonen eit eige kommunalområde som heitte barn, familie og integrering. Etter ny organisering våren 2022 ligg seksjon for barn, familie og førebygging i kommunalområdet oppvekst og seksjon for psykisk helse og rus i kommunalområdet helse.

Når det gjeld førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta så finn vi i ROV-analyse at denne er tilfredstillande på det tidspunktet analyse vart gjort. Andelen barn/unge som får spesialundervisning er høg.

Mobbing og utanforskap er lite omtala i ROV-analyse, men er eit område som skulane skal ha fokus på.

Går vi til kommunedirektøren sin årsrapport 2021 så står det i rapporten frå avdeling familiestøtte:

Avdeling Familiestøtte skal gi tilbod til barn og unge frå 0 til 18 år, og opp til 25 år i høve tilsyn fosterbarn. Tiltaka er til dømes knytt til psykisk helse, rus, foreldrerettleiing og familieterapi.

Avdeling Familiestøtte har hatt svært lang venteliste både i 2020 og 2021. Svært lang

venteliste og ventetid i familiestøtte er svært utfordrande for dei familiare som treng hjelp/støtte, og bekymringa er stor for at dette kan få konsekvens for sosial utvikling, læring og meistring hos barn og unge, og spesielt for sårbare barn og unge kan det få langvarig negativ verknad for opplæring, utvikling og utdanning.

Mange ungdommar opplever bekymring i kvardagen. Omfanget av psykiske helseplager blant barn og unge fortset å auke. Særleg er det mange som opplever skulekvardagen som stressande, mobbing og skulefråvær går igjen i mange av sakene. Likså har ein opplevd alvorlege utfordringar som til dømes angst og sjølv mordstankar hos barn og unge som ein møter.

Det er opp til kontrollutvalet å drøfte og vedta kva område de ynskjer ein forvaltningsrevisjon på i 2023, og vurdere kva som vil ha verdi for kommunestyret å få kjennskap til inn mot ein ny periode.

Skisse til prosjektplan vert bestilt frå Møre og Romsdal Revisjon SA som utfører forvaltningsrevisjonar for Ålesund. Sekretariatet bestiller dette oppdraget på vegne av kontrollutvalet.

Ei skisse til prosjektplan bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk.

Skissa til prosjektplan for forvaltningsrevisjonen vert bestilt framlagt til drøfting i kontrollutvalet på første møte i 2023. Slik sikre at kontrollutval og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor er einige om problemstillingane og avgrensinga i prosjektet.

Kontrollutvalet vedtek med prosjektplanen ein framdriftsplan for forvaltningsrevisjonen, med tanke på at utvalet får behandle rapporten innan utgangen av utvalsperioden.

Vedlegg

Vurdering av risiko og vesentlegheit 06.10.2020 Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 41/22	Ålesund kontrollutval	23.11.2022

Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjette ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak:

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valgt som sekretariat for Ålesund kontrollutval frå 01.01.2024.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i kommunelov § 23-7 og forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram og Ålesund kommune av 03.10.2022, så skal noverande Ålesund kontrollutval gje si tilråding til noverande Ålesund kommunestyre om val av kontrollutvalsekretariat for Ålesund kommune frå 01.01.2024. Jf § 7 Val av revisor og sekretariat for kontrollutval.

Kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande møtet innan utgangen av oktober 2023 og difor må sekretariatsteneste til utvalet vere avklart i god tid før det.

I delingsforskrifta § 10 om Interkommunale samarbeid, står det mellom anna at noverande kommunestyre kan etablere nødvendige samarbeid på vegne av den nye kommunen og at nødvendige samarbeid er samarbeid om høve som må vere på plass når det nye kommunestyre trer i kraft. Fordi kontrollutvalet skal vere i funksjon frå dag 1, må sekretariatstenesta også vere avklart før det. Dette er bakgrunnen for at noverande Ålesund kontrollutval gjev si tilråding allereie no.

Vurdering:

Kommunal- og distriktsdepartementet i Kontrollutvalsboka seier følgjande om kontrollutvalsekretariat:

Sekretariatet er kontrollutvalet sin viktigaste hjelpar og støttespelar. Eit velfungerande sekretariat er ein føresetnad for at kontrollutvalet skal kunne utføre kontrollfunksjonen sin på ein god måte.

Kommunestyret har plikt til å sørgje for sekretariatsbistand til kontrollutvalet. Det er eit krav at sekretariatet skal vere uavhengig i høve til både administrasjonen og revisjonen. Dette inneber at sekretæren ikkje kan vere tilsett i administrasjonen eller utføre revisjonsoppgåver for kommunen. Sekretariatet er underlagt habilitetskrava i forvaltningslova. Den som utfører sekretariatsfunksjonen, må sjølv vurdere habiliteten sin ved utføring av oppgåvene.

Sekretariatsfunksjonen kan organiserast på ulike måtar, gjennom:

- interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap eigd av fleire kommunar
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19
- vertskommunemodell etter kommunelova kapittel 20
- tilsett sekretær direkte underlagd kontrollutvalet
- kjøp av tenester frå private selskap (til dømes eit advokatkontor eller eit revisjonsselskap som ikkje utfører revisjonstenester for kommunen)

Sekretariatet er direkte underordna utvalet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som utvalet gjev. Det er opp til det enkelte kontrollutval å avgjere nærare kva oppgåver sekretariatet skal ha. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller avgjerdsmynde overfor sekretariatet innanfor myndeområdet til kontrollutvalet.

Kommunelova og kontrollutvals- og revisjonsforskrifta opnar for ulike løysingar når det gjeld organiseringa av sekretariatet til kontrollutvalet, men sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggjast til administrasjonen eller revisjonen. Grunngevinga for dette er at kontrollutvalet skal føre kontroll med administrasjonen og med revisjonen. Kontrollansvaret etter lova og forskrifta vil omfatte ordføraren og leiaren av politisk sekretariat. Det vil difor også vere i strid med regelverket dersom sekretariatsfunksjonen blir lagd til personar som er underlagde desse.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som kontrollutvalet handsamar, er forsvarleg utgreidde og førebudde. Det er difor viktig at sekretariatet har kompetanse om mellom anna rekneskap, revisjon og offentlig forvaltning. Sekretariatet vil vere ein viktig fagleg ressurs og ein nyttig diskusjonspartnar for kontrollutvalet, og bør difor halde seg oppdatert om saker som er relevante for kontrollutvalet. Dette kan til dømes gjelde endringar i regelverk og forskrifter, faglege kurs og konferansar eller rapportar frå statlege tilsyn med kommunen.

Sekretariatet må også ha tilstrekkeleg kapasitet til saksførebuing, utgreiing og oppfølging av sakene. Sekretariatet må vere fleksibelt når det gjeld tidspunkt for møte i utvalet, og bør vere tilgjengeleg for utvalsleiaren for å drøfte saker mellom møta. Så langt Kontrollutvalsboka.

Ålesund kommunestyre gjorde vedtak i sak 119/22 - Interkommunalt samarbeid og eigarskap ved deling av Ålesund kommune, om at prinsippa som er beskive i kartleggingsrapporten om interkommunalt samarbeid og eigarskap skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet.

Vurderinga denne rapporten gjev knytt til deltaking i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er at sidan både tidlegare Haram kommune og tidlegare/noverande Ålesund kommune har

fått sine kontrollutvalsekretariatstenester frå dette selskapet, er det aktuelt for den nye kommunen å vere deltakar.

Denne saka om tilråding til val av sekretariat for kontrollutvalet i Ålesund kommune frå 01.01.2024 er førebudd og skreve av rådgivar tilsett hjå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat. Det er lagt til grunn at sekretariatet ikkje kjem i habilitetsmessig konflikt ved ei saksførebuing for kontrollutvalet som berre føreset ei vidareføring av noverande ordning, og settesekretariat for dette har vi ikkje sett som nødvendig.

Dersom kontrollutvalet eller kommunestyret er av ei anna oppfatning, eller ynskjer at ein ny modell for sekretariatstenester vert utgreidd, så må det verte uttrykt. I så fall vil sekretariatet gå i gang med å førebu utlysing av sekretariatstenestene med konkurransegrunnlag og utlysing i tråd med lovverket.

Med utgangspunkt i at både noverande og tidlegare Ålesund kommune har organisert si pliktige sekretariatsteneste for kontrollutvalet ved å vere deltakar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, så er tilrådinga at Ålesund kommunestyre vel å løyse dette på same måte for den nye kommunen. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer vedtak om å velge Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som sekretariat for Ålesund kontrollutval frå 01.01.2024.

Vedlegg

Lenkje til Forskrift og merknad til forskrift

Lenkje til Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune: <https://lovdata.no/forskrift/2022-10-03-1692>

Lenkje til merknader til forskrifta ved Rundskriv H-5/22:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-522-merknader-til-forskrift-om-gjennomforing-av-deling-av-alesund-kommune/id2930809/>

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 42/22	Ålesund kontrollutval	23.11.2022

Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Haram kommune

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjette ledd gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak:

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valgt som sekretariat for Haram kontrollutval frå 01.01.2024.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i kommunelov § 23-7 og forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram og Ålesund kommune av 03.10.2022, så skal noverande Ålesund kontrollutval gje si tilråding til noverande Ålesund kommunestyre om val av kontrollutvalsekretariat for Haram kommune frå 01.01.2024. Jf § 7 Val av revisor og sekretariat for kontrollutval.

Kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande møtet innan utgangen av oktober 2023 og difor må sekretariatsteneste til utvalet vere avklart i god tid før det.

I delingsforskrifta § 10 om Interkommunale samarbeid, står det mellom anna at noverande kommunestyre kan etablere nødvendige samarbeid på vegne av den nye kommunen og at nødvendige samarbeid er samarbeid om høve som må vere på plass når det nye kommunestyre trer i kraft. Fordi kontrollutvalet skal vere i funksjon frå dag 1, må sekretariatstenesta også vere avklart før det. Dette er bakgrunnen for at noverande Ålesund kontrollutval gjev si tilråding allereie no.

Vurdering:

Kommunal- og distriktsdepartementet i Kontrollutvalsboka seier følgjande om kontrollutvalsekretariat:

Sekretariatet er kontrollutvalet sin viktigaste hjelpar og støttespelar. Eit velfungerande sekretariat er ein føresetnad for at kontrollutvalet skal kunne utføre kontrollfunksjonen sin på ein god måte.

Kommunestyret har plikt til å sørgje for sekretariatsbistand til kontrollutvalet. Det er eit krav at sekretariatet skal vere uavhengig i høve til både administrasjonen og revisjonen. Dette inneber at sekretæren ikkje kan vere tilsett i administrasjonen eller utføre revisjonsoppgåver for kommunen. Sekretariatet er underlagt habilitetskrava i forvaltningslova. Den som utfører sekretariatsfunksjonen, må sjølv vurdere habiliteten sin ved utføring av oppgåvene.

Sekretariatsfunksjonen kan organiserast på ulike måtar, gjennom:

- interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap eigd av fleire kommunar
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19
- vertskommunemodell etter kommunelova kapittel 20
- tilsett sekretær direkte underlagd kontrollutvalet
- kjøp av tenester frå private selskap (til dømes eit advokatkontor eller eit revisjonsselskap som ikkje utfører revisjonstenester for kommunen)

Sekretariatet er direkte underordna utvalet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som utvalet gjev. Det er opp til det enkelte kontrollutval å avgjere nærare kva oppgåver sekretariatet skal ha. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller avgjerdsmynde overfor sekretariatet innanfor myndeområdet til kontrollutvalet.

Kommunelova og kontrollutvals- og revisjonsforskrifta opnar for ulike løysingar når det gjeld organiseringa av sekretariatet til kontrollutvalet, men sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggjast til administrasjonen eller revisjonen. Grunngevinga for dette er at kontrollutvalet skal føre kontroll med administrasjonen og med revisjonen. Kontrollansvaret etter lova og forskrifta vil omfatte ordføraren og leiaren av politisk sekretariat. Det vil difor også vere i strid med regelverket dersom sekretariatsfunksjonen blir lagd til personar som er underlagde desse.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som kontrollutvalet handsamar, er forsvarleg utgreidde og førebudde. Det er difor viktig at sekretariatet har kompetanse om mellom anna rekneskap, revisjon og offentlig forvaltning. Sekretariatet vil vere ein viktig fagleg ressurs og ein nyttig diskusjonspartnar for kontrollutvalet, og bør difor halde seg oppdatert om saker som er relevante for kontrollutvalet. Dette kan til dømes gjelde endringar i regelverk og forskrifter, faglege kurs og konferansar eller rapportar frå statlege tilsyn med kommunen.

Sekretariatet må også ha tilstrekkeleg kapasitet til saksførebuing, utgreiing og oppfølging av sakene. Sekretariatet må vere fleksibelt når det gjeld tidspunkt for møte i utvalet, og bør vere tilgjengeleg for utvalsleiaren for å drøfte saker mellom møta. Så langt Kontrollutvalsboka.

Ålesund kommunestyre gjorde vedtak i sak 119/22 - Interkommunalt samarbeid og eigarskap ved deling av Ålesund kommune, om at prinsippa som er beskive i kartleggingsrapporten om interkommunalt samarbeid og eigarskap skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet.

Vurderinga denne rapporten gjev knytt til deltaking i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er at sidan både tidlegare Haram kommune og tidlegare/noverande Ålesund kommune har

fått sine kontrollutvalsekretariatstenester frå dette selskapet, er det aktuelt for den nye kommunen å vere deltakar.

Denne saka om tilråding til val av sekretariat for kontrollutvalet i Haram kommune frå 01.01.2024 er førebudd og skreve av tilsett rådgivar hjå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat. Det er lagt til grunn at sekretariatet ikkje kjem i habilitetsmessig konflikt ved ei saksførebuing for kontrollutvalet som berre føreset ei vidareføring av tidlegare ordning, og settesekretariat for dette har vi ikkje sett som nødvendig.

Dersom kontrollutvalet eller kommunestyret er av ei anna oppfatning og ynskjer at ein ny modell for sekretariatstenester vert utgreidd, så må det verte uttrykt. I så fall vil sekretariatet gå i gang med å førebu utlysing av sekretariatstenestene med konkurransegrunnlag og utlysing i tråd med lovverket.

Med utgangspunkt i at tidlegare Haram kommune hadde organisert si pliktige sekretariatsteneste for kontrollutvalet ved å vere deltakar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, så er tilrådinga at Ålesund kommunestyre vel å løyse dette på same måte for den nye kommunen. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer vedtak om å velge Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som sekretariat for Haram kontrollutval frå 01.01.2024.

Vedlegg

Lenkje til Forskrift og merknad til forskrift

Lenkje til Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune: <https://lovdata.no/forskrift/2022-10-03-1692>

Lenkje til merknader til forskrifta ved Rundskriv H-5/22:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-522-merknader-til-forskrift-om-gjennomforing-av-deling-av-alesund-kommune/id2930809/>

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 43/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Val av revisjonsordning og val av revisor for Ålesund kommune frå 01.01.2024

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak:

1. Som revisjonsordning for Ålesund kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigenregi.
2. Kommunestyret ber om medlemskap for Ålesund kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal revisjon SA.
3. Møre og Romsdal revisjon SA vert valgt som revisor frå 01.01.2024, for Ålesund kommune og for dei kommunale foretaka som Ålesund kommune på det tidspunktet måtte ha.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i kommunelova § 24-1 første og andre ledd, og forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram og Ålesund kommune, av 03.10.2022, skal noverande Ålesund kontrollutval gje si tilråding til noverande Ålesund kommunestyre om val av revisjonsordning og val av revisor for Ålesund kommune frå 01.01.2024. Jf Forskrifta § 7 om Val av revisor og sekretariat for kontrollutval.

Revisjon er ei oppgåve som skal gå føre seg kontinuerleg, og difor er det viktig at revisjonsordning og revisor er valt tidleg nok slik at revisor kan vere operativ frå første dag.

Vurdering:

Kommunal- og distriktsdepartementet seier følgjande om revisjonsordning og val av revisor i Kontrollutvalsboka:

Kommunen kan velje enten å ha revisjon i eigen regi (tilsetje eigne revisorar eller i eit samarbeid med andre kommunar) eller å kjøpe revisjonstenester frå eit privat selskap.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha, sjå kommunelova § 24-1. Kommunestyret kan ikkje delegere dette ansvaret. Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og om val av revisor. Kommunestyret kan ikkje ta innstillingsretten frå utvalet, og kan heller ikkje leggje denne retten til andre organ.

Ålesund kommunestyre gjorde vedtak i sak 119/22 - Interkommunalt samarbeid og eigarskap ved deling av Ålesund kommune, om at prinsippa som er skildra i kartleggingsrapporten om interkommunalt samarbeid og eigarskap, skal leggst til grunn for det vidare arbeidet.

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak der dei 20 kommunane på Nordmøre, i Romsdal og Nordre Sunnmøre er medlemmer. Eit samvirkeføretak er ikkje basert på eigarskap, men på medlemskap. Selskapet skal sikre medlemskommunane ein heilskapleg revisjon i eigenregi, og selskapet har ikkje erverv som formål.

Dersom kommunestyret ikkje ynskjer å nytte revisjon i eigenregi som revisjonsordning, men heller vil konkurranseutsetje ordninga og kjøpe tenester frå eit privat selskap, så må kommunestyret ta ei prinsippavgjerd om det. Når det er teke ei prinsippavgjerd om konkurranseutsetjing av revisjonsordninga, vil det vere kontrollutvalet som set revisjonen ut på anbod etter gjeldande anskaffelsesreglar for offentlig sektor. Når konkurransen om revisjonsordning er utlyst og avslutta, kan kontrollutvalet innstille til kommunestyret på val av revisor.

Uavhengig av kva revisjonsordning kommunestyret vel, er det naudsynt at kontrollutvalet ser til at revisor har kompetanse til å gjennomføre revisjonsoppgåvene i samsvar med faglege standardar, og at revisor oppfyller dei formelle krava i regelverket til kompetanse og sjølvstende. Revisor må ha kapasitet til å gjennomføre oppdraga kontrollutvalet ber om.

Møre og Romsdal Revisjon SA har, ut frå den kjennskap og erfaring kontrollutvalet har med selskapet, både kompetanse og kapasitet til å gjennomføre revisjonsoppgåvene og -oppdraga på med god kvalitet og i tråd med faglege standarder.

Revisor arbeider knytt til dei aller fleste oppdrag på bestilling frå kontrollutvalet og rapporterer til kontrollutvalet, som så rapportere til kommunestyret.



Før samanslåinga var Ålesund kommune med i det interkommunale selskapet KomRev3, som var forløparen til selskapet Møre og Romsdal Revisjon SA. Noverande Ålesund kommune er medlem i dette samvirkeføretaket. Ålesund kommune har revisjon i eigenregi gjennom dette samarbeidet på same måte som tidlegare Ålesund og Haram kommune hadde det.

Ålesund kontrollutval rår kommunestyret til å velgje same revisjonsordning for Ålesund kommune som Ålesund både hadde før samanslåinga og har no, og så velgje Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor. Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å be om medlemskap i Møre og Romsdal Revisjon SA, for Ålesund kommune frå 01.01.2024.

Vedlegg

Lenkje til Forskrift og merknad til forskrift

Lenkje til Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune: <https://lovdata.no/forskrift/2022-10-03-1692>

Lenkje til merknader til forskrifta ved Rundskriv H-5/22:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-522-merknader-til-forskrift-om-gjennomforing-av-deling-av-alesund-kommune/id2930809/>

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 44/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Val av revisjonsordning og val av revisor for Haram kommune frå 01.01.2024

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak:

1. Som revisjonsordning for Haram kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigenregi.
2. Kommunestyret ber om medlemskap for Haram kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal Revisjon SA.
3. Møre og Romsdal Revisjon SA vert valgt som revisor frå 01.01.2024 for Haram kommune og for dei kommunale foretaka som Haram kommune på det tidspunktet måtte ha.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i kommunelova § 24-1 første og andre ledd, og forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram og Ålesund kommune, av 03.10.2022, skal noverande Ålesund kontrollutval gje si tilråding til noverande Ålesund kommunestyre om val av revisjonsordning og val av revisor for Haram kommune frå 01.01.2024. Jf Forskrifta § 7 om Val av revisor og sekretariat for kontrollutval.

Revisjon er ei oppgåve som skal gå føre seg kontinuerleg, og difor er det viktig at revisjonsordning og revisor er valt tidleg nok, slik at revisor kan vere operativ frå første dag.

Vurdering:

Kommunal- og distriktsdepartementet seier følgjande om revisjonsordning og val av revisor i Kontrollutvalsboka:

Kommunen kan velje anten å ha revisjon i eigenregi (tilsetje eigne revisorar eller i eit

samarbeid med andre kommunar) eller å kjøpe revisjonstenester frå eit privat selskap. Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha, sjå kommunelova § 24-1. Kommunestyret kan ikkje delegere dette ansvaret. Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og om val av revisor. Kommunestyret kan ikkje ta innstillingsretten frå utvalet, og kan heller ikkje leggje denne retten til andre organ.

Ålesund kommunestyre gjorde vedtak i sak 119/22 - Interkommunalt samarbeid og eigarskap ved deling av Ålesund kommune, om at prinsippa som er skildra i kartleggingsrapporten om interkommunalt samarbeid og eigarskap, skal leggest til grunn for det vidare arbeidet.

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak der dei 20 kommunane på Nordmøre, i Romsdal og Nordre Sunnmøre er medlemmer. Eit samvirkeføretak er ikkje basert på eigarskap, men på medlemskap. Selskapet skal sikre medlemskommunane ein heilskapleg revisjon i eigenregi, og selskapet har ikkje erverv som formål.

Dersom kommunestyret ikkje ynskjer å nytte revisjon i eigenregi som revisjonsordning, men heller vil konkurranseutsetje ordninga og kjøpe tenester frå eit privat selskap, så må kommunestyret ta ei prinsippavgjerd om det. Når det er teke ei prinsippavgjerd om konkurranseutsetjing av revisjonsordninga, vil det vere kontrollutvalet som set revisjonen ut på anbod etter gjeldande anskaffelsesreglar for offentleg sektor. Når konkurransen om revisjonsordning er utlyst og avslutta, kan kontrollutvalet innstille til kommunestyret på val av revisor.

Uavhengig av kva revisjonsordning kommunestyret vel, er det naudsynt at kontrollutvalet ser til at revisor har kompetanse til å gjennomføre revisjonsoppgåvene i samsvar med faglege standardar, og at revisor oppfyller dei formelle krava i regelverket til kompetanse og sjølvstende. Revisor må ha kapasitet til å gjennomføre oppdraga kontrollutvalet ber om.

Møre og Romsdal Revisjon SA har, ut frå den kjennskap og erfaring kontrollutvalet har med selskapet, både kompetanse og kapasitet til å gjennomføre revisjonsoppgåvene og -oppdraga på med god kvalitet og i tråd med faglege standarder.

Revisor arbeider knytt til dei aller fleste oppdrag på bestilling frå kontrollutvalet og rapporterer til kontrollutvalet, som så rapportere til kommunestyret.



Tidlegare Haram kommune var med i det interkommunale selskapet KomRev 3, som var forløparen til selskapet Møre og Romsdal Revisjon SA slik det i dag er organisert som eit

samvirkeføretak. Tidlegare Haram kommune hadde revisjon i eigenregi gjennom dette samarbeidet på same måte som noverande og tidlegare Ålesund kommune.

Ålesund kontrollutval rår kommunestyret til å velgje same revisjonsordning for Haram kommune som Haram hadde før samanslåinga, og så velgje Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor. Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å be om medlemskap i Møre og Romsdal Revisjon SA, for Haram kommune frå 01.01.2024.

Vedlegg

Lenkje til Forskrift og merknad til forskrift

Lenkje til Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune: <https://lovdata.no/forskrift/2022-10-03-1692>

Lenkje til merknader til forskrifta ved Rundskriv H-5/22:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-522-merknader-til-forskrift-om-gjennomforing-av-deling-av-alesund-kommune/id2930809/>

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 45/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtar at første møte i 2023 vert onsdag 25.januar. På dette møtet vil kontrollutvalet vedta møtedatoar for resten av året.

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i kommunelova §11 så er det kontrollutvalet sitt eige reglement saman med Ålesund kommune sitt reglement for folkevalde organ, kapittel 5, som legg grunnlaget for denne saka.

Nokre punkt frå desse reglementa:

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Dei folkevalde organa gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtar det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem i eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte, som til dømes at ein må forsøme viktige og uopprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlege organer, eksamen, o.l. Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig, å avbryte. (Jf Reglement for folkevalde organ kap 5-12 punkt a)

Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem kan kallast inn.

Vurdering:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at sammenhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta
- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- fristar for handsaming av budsjett for kontrollarbeidet

Det å ha ein møteplan sikrar føreseielegheit og gjer at innbyggjarar, media og folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

På grunn av mange usikre moment knytt til hausthalvåret med kommuneval og kommunedeling, så har Kommunedirektøren tilrådd at møteplanen for dei øvrige folkevalde organa vert revidert innan utgangen av første halvår. Ålesund formannskap har i skrivande stund ikkje vedteke møteplan for første halvår 2023. Kontrollutvalsekretariatet tilrår difor at kontrollutvalet ser sin møteplan i samband med dette og legg fram her forslag til møtedato berre for det første møtet i 2023.

Sekretariatet tilrår at det først møtet i 2023 vert onsdag 25. januar.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 46/22	Ålesund kontrollutval	23.11.2022

Meldingar

Underliggende saker

21/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 21/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
23.11.2022

Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det er som kjent to organisasjonar i Norge som står for kompetansepåfyll og faginformasjon spesielt retta mot kontrollutvalet sitt kontrollarbeid i kommunane.

Det er NKRF - kontroll og revisjon i kommunene (tidlegare Norges kommunerevisorforbund) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge desse arrangerer i 2023 kvar sin konferanse retta mot kontrollutvala som målgruppe.

NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har sin Kontrollutvalskonferanse 1. og 2. februar 2023 på Gardermoen. Her er påmeldingsfristen **15. desember 2022**.

Forum for kontroll og tilsyn held sin fagkonferanse for kontrollutval 31. mai og 1. juni 2023 i Trondheim. Påmeldingsfrist ikkje sett endå.

Vedlagt finn de lenkje til der de kan finne meir informasjon om program og påmelding.

I kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeidet er det sett av midlar til kompetanse og opplæring for at kontrollutvalet sine medlemmar skal kunne delta på ein slik fagkonferanse.

De må sjølve stå for påmelding om de ynskjer å delta, og bli enige innad i utvalet kven og om de skal delta. Sekretariatet kan vidareformidle meir informasjon om konferansane etter kvart som organisasjonane har informasjonen klar.

Vedlegg

Lenkje til informasjon om konferansar 2023

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene sin konferanse: [NKRF – kontroll og revisjon i kommunene](#)

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin konferanse: [Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)